

Arkivnr: 2016/11055-2

Saksbehandlar: Anne Aune

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		18.01.2017
Fylkesutvalet		26.01.2017

**Ny forskrift om offentlege arkiv - høyring****Samandrag**

Kulturdepartementet har sendt forslag til ny arkivforskrift ut på høyring.

Arkivlova med forskrift vart vedteke i 1992, og vart sett i verk 11. desember 1998. I dei åra som er gått har arkiva og arkivtenesta endra seg vesentleg, og i all hovudsak skjer dagens arkivdanning gjennom elektroniske system. Mange av føresegnene i den gjeldande forskrifta er difor ikkje oppdaterte.

Framlegget til ny forskrift skal vere tilpassa den digitale arkivdanninga, som eigentleg er eit uttrykk for nye arbeids- og samarbeidsmåtar som gjer bruk av digital teknologi. På fleire område inneber framlegget til ny arkivforskrift eit framsteg; den er mindre detaljert enn den gjeldande forskrifta, og arkivdanninga blir behandla med ei funksjons- og prosessorientert tilnærming. Nytt i forskrifta er føresegner knytt til organisering av arkivtenesta i kommunane, som ein ønskjer å legge inn under kommunens internkontroll. Dette er i samsvar med føresegnene i kommunelova. Nytt i forskrifta er også at offentlege organ kan lagre digitalt arkivmateriale utanfor Noreg dersom pliktene i arkivlova med forskrifter er regulerte i avtalar mellom organet og eigaren av nettskytenesta.

**Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet meiner at framlegget til forskrift til arkiv er godt tilpassa den digitale arkivdanninga, og stiller seg bak forslaget.
2. Fylkesutvalet er positiv til forslaget om at arkivtenesta vart lagt til internkontroll for arkiv i organet og at det i større grad enn tidlegare opnast opp for at organet sjølv kan definere korleis arkivtenesta skal organiserast. Fylkesutvalet meiner at føresegna om internkontroll bør innehalde krav til kompetanse i arkivtenesta.
3. Fylkesutvalet meiner at det i framlegg til ny arkivforskrift bør under § 3 om internkontroll for arkiv fastsetjast at offentlege organ ved konkurranseutsetjing av offentlege oppgåver kan krevje at dei private aktørane følgjer regelverket for offentlege arkiv.
4. Fylkesutvalet stiller seg positiv til at det blir opna opp for å lagre arkivmateriale digitalt i utlandet. Men ein føresetnad for å tillate skytenester med lagring i utlandet er at norske lovverk og IKT-tekniske krav utarbeidd av Datatilsynet vert ivareteke. Slike avtalar er juridisk kompliserte og det er behov for spesifikk kompetanse på feltet. Ein føresetnad er difor at det frå sentralt hald, til dømes i Arkivverket, vert utarbeidd malar og rettleiarar på fagområdet.

5. Fylkesutvalet er skeptisk til å kassere arkivmateriale etter digitalisering slik regelverket i forslaget er utforma. Det er viktig at det blir stilt krav til at kontekstinformasjon blir dokumentert når arkiv skal digitaliserast. Fylkesutvalet meiner at ein må sikre at det digitaliserte materiale tåler teknologiskifte og å bli migrert til nye elektroniske system.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 04.01.2017

Kulturdepartementet har sendt forslag til ny arkivforskrift ut på høyring. Arkivlova med forskrift vart vedteke i 1992, og vart sett i verk 11. desember 1998. I dei snart 20 åra som er gått har arkiva og arkivtenesta endra seg, og i all hovudsak skjer dagens arkivdanning gjennom elektroniske system. Mange av føresegnene i den gjeldane forskrifta er difor ikkje oppdatert.

Arkiva er dokumentasjon som følgje av menneskeleg verksemd. Arkiva inneheld spor etter aktivitet på alle samfunnsområde, både frå nær og fjern fortid, og vert skapte i alle delar av samfunnslivet, i offentlege organ, bedrifter, i organisasjonar og hjå privatpersonar. Dei utgjer ein fundamental del av minnet for enkeltpersonar, for verksemdar og er ein viktig del av den kollektive minnefunksjonen i eit samfunn.

Arkiva er difor ei av dei viktigaste og mest grunnleggande kjeldene våre til kunnskap om samfunn og kultur. Arkiva sin funksjon og evne til å dokumentere rettar og plikter, vedtak og avtalar har til ei kvar tid vore viktige. Dette er med å sikre rettstilstanden, og er ein del av den grunnleggande infrastrukturen som er heilt nødvendig i eit demokrati og ein rettsstat. Historiske arkiv utgjer samstundes fundamentet for kulturarven vår. Bevaring av arkiv er eit middel til å skape og ta hand om kulturell identitet og historisk medvit.

Arkivlova med forskrift gjer heimel for å sikre arkiv som har vesentleg kulturell eller forskingsmessig verdi, eller som inneheld rettsleg eller viktig forvaltingsmessig dokumentasjon, slik at dei vert tekne vare på og gjort tilgjengelege for ettertida.

### 1. Forskrifta generelt

Arkivlova slår fast at alle offentlege organ pliktar å ha arkiv. Formålet med arkivlova med forskrift er å sikre at alle grupper og enkeltindivid i samfunnet har tilgang til dokumentasjon som sikrar rettstryggleik, identitet og kunnskap om fortida.

Framlegget til ny forskrift skal vere ei tilpassing til den digitale arkivdanninga, som eigentleg er eit uttrykk for nye arbeids- og samarbeidsmåtar som brukar digital teknologi.

På fleire område inneber framlegget til ny arkivforskrift eit framsteg; den er mindre detaljert enn den gjeldande forskrifta, og arkivdanninga blir behandla med ei funksjons- og prosessorientert tilnærming. Fylkesrådmannen synes likevel forslaget som ligg føre ikkje klarer å gjennomføre dette heilt, mellom anna held ein på krav til arkivlokale i detaljert form, medan krav til elektronisk lagring i skytenester er behandla heilt overordna.

Nytt i forskrifta er føresegner knytt til organisering av arkivtenesta i kommunane, som ein ønskjer å legge inn under kommunens internkontroll, i tråd med føresegner i kommunelova.

#### *Forslag til vedtak*

Fylkesutvalet meiner at framlegget til forskrift til arkiv er godt tilpassa den digitale arkivdanninga, og stiller seg bak forslaget.

### 2. Arkivtenesta og regelverk om internkontroll - § 3

Den nye forskrifta foreslår å fjerne føresegna som føreskriv at arkivarbeidet i eit organ «normalt» skal utførast av ei «arkivteneste». I staden er det lagt fram forslag om at organisering av arkivtenesta skal leggest inn under ein regel om internkontroll for arkiv. Regelverk for internkontroll skal innehalde organisering av arkivfunksjonen og delegeringsfullmakter på arkivområdet, rutinar for dagleg arkiv, for oppbevaring og sikring, klassifikasjon, bevaring- og kassasjonsplan og ein oppdatert systemoversikt som viser kvar arkivdokumenta er lagra, og kva prosessar arkivdokumenta inngår i. I tillegg skal kommunar og fylkeskommunar ha strategiar for langtidbevaring og tilgjengeleggjering av arkiv.

Fylkesrådmannen etterlyser at det blir stilt krav til kompetanse i internforskrifta for arkiv. Kvalifisert personale er viktig for ei god arkivteneste, og med ei arkivforvaltning som i stor grad blir styrt av lovverk i tillegg til auka digitalisering av arbeidet bør det stillast kompetansekrav.

Det er i tråd med *Riksrevisjonens undersøkelse av arbeidet med å sikre og tilgjengeliggjøre arkivene i kommunal sektor* frå 2010. Den peiker mellom anna på behovet for juridisk kompetanse og IKT-kompetanse hjå personale som arbeider med arkiv.

#### *Forslag til vedtak*

Fylkesutvalet er positiv til forslaget om at arkivtenesta vart lagt til internkontroll for arkiv i organet og at det i større grad enn tidlegare opnar opp for at organet sjølv kan definere korleis arkivtenesta skal organiserast. Fylkesutvalet meiner at føresegna om internkontroll bør innehalde krav til kompetanse i arkivtenesta.

### **3. Arkiv for private aktører som utfører tjenester på vegne av det offentlige**

Eit utviklingstrekk i offentleg sektor, er at ein set ut kommunale tenester for konkurranse, medrekna lovbundne oppgåver. Det er ei stor utfordring at det offentlege ikkje stiller krav til at private oppdragstakarar skal følgje regelverk for offentlege arkiv, slik at desse tenestene vert godt dokumenterte og det ikkje er uklart om ein i framtida kan å få tak i dokumentasjon på skulegang, opphald i institusjon m.m.

*Forslag til v  
Fylkesutval*

### **4. Skytenester med lagring i utlandet - §22**

Nytt i forskrifta er at offentlege organ kan lagre digitalt arkivmateriale utanfor Noreg dersom pliktene i arkivlova med forskrifter er regulerte i avtale mellom organet og eigaren av skytenesta. Organet skal behalde tilgang til, kontroll med og eigedomsrett til sitt eige arkivmateriale. Tidlegare regelverk slo fast at «arkiv ikkje skal førast ut av landet». Det var for å sikre norsk råderett og sikring av arkiv, slik at ikkje lover gjevne av utanlandske styresmakter skal gå framfor norsk arkivlovgeving. Forslaget til nytt regelverk opnar for at norske arkiv kan lagrast «i skya»; noko som er i tråd med regjeringa sitt digitaliseringsrundskriv, som slår fast at skytenester skal vurderast der det tener formålet. Tidlegare regelverk har vore til hinder for at arkiv blir lagra som ei skyteneste utanfor Noreg.

Lagring av arkiv i internasjonale nettskyer reiser fleire problemstillingar, spesielt av juridisk karakter. Skytenester er globale og tenesteleverandørane kan vere registrert i fleire ulike land.

#### *Forslag til vedtak*

Fylkesutvalet stiller seg positiv til at det blir opna opp for å lagre arkivmateriale digitalt i utlandet. Men ein føresetnad for å tillate skytenester med lagring i utlandet er at norske lovverk og IKT-tekniske krav utarbeidd av Datatilsynet vert ivareteke. Slike avtaler er juridisk kompliserte og det er behov for spesifikk kompetanse på feltet. Ein føresetnad er difor at det frå sentralt hald, til dømes i Arkivverket, vert utarbeidd malar og rettleiarar på fagområdet.

### **5. Digitalisering av arkivmateriale – kassasjon - § 6**

Høyringnotatet opnar for at originalt arkivmateriale kan kasserast etter digitalisering.

Eit av dei viktigaste kjenneteikna til arkiv er at det inneheld kontekstualisert informasjon. Eit arkivdokument står aldri åleine; det er knytt til eit opphav, skapt i ein bestemt prosess, på eit gitt tidspunkt, i samanheng med andre dokument som blir skapt i den same prosessen. Det som gjev arkivdokumenta verdi som evidens, og som kan sikre autentisitet og pålitelegheit, er nettopp at kontekstinformasjonen, dvs. dokumentasjonen av desse relasjonane, blir bevart saman med dokumenta. Framlegget til nytt regelverk for

kassasjon ved digitalisering må difor ta høgde for at analog kontekst ikkje automatisk kan overførast til digitale media. Før kassasjon må ein også sikre at det digitaliserte arkivmaterialet med kontekstinformasjon tåler teknologiskifte og migrering til nye elektroniske system.

Dei tekniske krava til digitalisert materiale er til ei kvar tid i endring. Dette har ein spesielt erfart gjennom digitalisering av fotomateriale, der kravet til digital kvalitet har endra seg mykje sidan midten av 1990-talet, då ein starta større digitaliseringsprosjekt. Dei digitale biletilene er i dag i praksis å rekne som «ferskvare», og originalt analogt fotomateriale må til ei kvar tid digitaliserast på nytt for å tilfredstille skiftande krav i samtida.

#### *Forslag til vedtak*

Fylkesutvalet er skeptisk til å kassere arkivmateriale etter digitalisering slik regelverket i forslaget er utforma. Det er viktig at det blir stilt krav til at kontekstinformasjon blir dokumentert når arkiv skal digitaliserast. Fylkesutvalet meiner at ein må sikre at det digitaliserte materiale tåler teknologiskifte og å bli migrert til nye elektroniske system.